



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Miljøverndepartementet
Postboks (013 Dep

0030 Oslo

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2583 - 2
Arkivnr: 420,0

Dato:

18.04.2002

Høyring: Framlegg til endringar i plan- og bygningslova – tidsfristar i planbehandlinga

Vi viser til oversend høyringsframlegg av 04.03.02

Frist for kommunen på 12 veker fram til fyrste gongs behandling for private planar. Fylkesmannen er uroleg for at dette framlegget vil senka plankvaliteten. Det vil vera ein føresetnad for å unngå dette at kommunane blir meir aktive til å avvisa planframlegg som ikkje held mål. Vi opplever alt i dag at mange planar med altfor låg kvalitet blir sende på høyring. Døme er at viktige innspel etter oppstartmelding ikkje er gjengitt og at planen blir lagt ut utan kommunale vurderingar. Vi meiner derfor at dette spørsmålet bør knytast til minstekrav til kvaliteten på planar som blir lagt ut til offentleg ettersyn. Vi tenkjer då både på tilstrekkelege bakgrunnsdata, kartmateriale, kommunale vurderingar og ei form som gjer at folk flest kan oppfatta innhaldet. Ei negativ utvikling på dette området vil utgjera eit aukande problem for demokrati og rettstryggleik.

Her vil fylkesmannen peike på at eit dårleg kommunalt forarbeid i høve til planar, kan gjere det naudsynt med så store endringar etter høyring at planen må leggjast ut til nytt offentleg ettersyn. I ein del tilfelle kan det først etter høyringa koma fram at kommunen i utgangspunktet burde ha avvist planen. Ein kan då stilla spørsmål til om ein totalt sett sparar tid.

Når det gjeld aktuelle sanksjonsformer er den departementet gjer framlegg om etter vår vurdering den einaste av dei omtalte som er aktuell. Eit anna alternativ (som MD argumenterer mot) om at framlegget blir plan dersom fristen blir broten kan ikkje fylkesmannen godta.

Rapporteringsplikt til planutvalet dersom det er over 24 veker mellom første- og andregongsbehandling.

Når det gjeld fylkesmannen sine oppgåver rører dette framlegget fyrst og fremst ved meklingsfunksjonen som skal gjennomførast på dette stadiet. Meklinga er i mange tilfelle enkel og ubyråkratisk og er ikkje nokon vesentleg faktor til lang planbehandlingstid i Rogaland. Det kan likevel vera tidkrevjande å få på plass møte/synfaringstidpunkt som passar

Postadresse	Besøksadresse	Sentralbord.	E-post	Landbruksavd.	
Postboks 59	Statens Hus.	Telefon: 51 56 87 00	Postmottak@fm-ro.stat.no	Langflåtvn 29	Telefon: 51 90 52 00
4001 Stavanger	Lagårdsvn. 78	Telefaks: 51 56 88 11		Postboks 210	Telefaks: 51 90 52 01
	Stavanger			4001 Stavanger	

for travle menneske. Vi ser ein fare for at framlegget kan føra til at dei kommunetilsette må bruka tid på å skriva nye saker (rapportar) i staden for å få framdrift i saka. Dersom lovframlegget blir gjennomført er det etter vår vurdering viktig at rapporteringsordningen blir enkel og lite tidkrevjande.

Frist for motsegn til regulerings- og utbyggingsplanar

Fylkesmannen i Rogaland fremjar ikkje motsegn etter andregongsbehandling. I samsvar med eige rundskriv uttalar vi oss, evt. med motsegn, innan to månader etter utlegging dersom ikkje anna er avtalt med kommunen. Vi prøver og i størst mogleg grad å gjera avtalar i perioden mellom den allmenne høyringsfristen og 2 mnd. Vi har i liten grad "meklingsliknande" kontakt med kommunen for å unngå å fremja motsegner. Vi har gode erfaringar med denne praksisen. Vi har som mål å svara på ein større del av sakene straks dei blir lagt ut for om naudsynt å bruka meir tid på dei viktigaste sakene. Innføring av frist gir mindre fleksibilitet til å takla periodar med særleg høg planaktivitet og toppar i samanheng med vanleg møtekalender i kommunane. Det er vanskeleg å endra staben som driv planbehandling etter årstidene. Resultatet kan bli ein vekslende kvalitet på høyringsprosessen eller at det i travle periodar må brukast meir tid på å avtala endra fristar med kommunen eller fremja førebels motsegn. Vi vil likevel kunna tilpassa oss ei lovendring på dette punktet og har ikkje sterke innvendingar mot framlegget frå MD. Det vil då vera av interesse om lov-og regelverk blir slik utforma at det kan vera enkelt å gjera avtalar om forlenga frist, t.d. gjennom E-post. Det vil i større grad enn i dag vera regelen at partar som er avhengige av behandling i politiske organ må gjera avtale om ny frist. Hos fylkesmannen gjeld dette alle planar som skal opp i fylkeslandbruksstyret. Dette gjeld ikkje mange regulerings- eller utbyggingsplanar.



Harald Thune
ass. fylkesmann



Odd Kjos-Hanssen
fylkesmiljøvernssjef

Saksbehandlar: Audun Steinnes , 51568912
audun.steinnes@fm-ro.stat.no